

Referat soknerådsmøte

Stad: Sakristiet Ålvik kyrkje

Dato: tysdag 25.03.2025

Kl: 17:30 – 19:30

Saksliste

1/25 Godkjenning av innkalling og referat

Merknad. Sein innkalling på epost, men blei gitt melding i Messengergruppa i god tid. Godkjend

Referatet fra sist møte. Merknad: Retta namn frå Gunnveig til Gudveig. Godkjend

2/25 Evaluering og orienteringssaker

Dei ulike gudstenestene har gått bra. Ein ettermiddagsgusteneste vart avlyst grunna kollisjon med arrangement på Folkets hus. Flott med deltaking av Kor i alle dager på gudstenesta 16.03.

Strikketreffet i mars vart også avlyst grunna særskild dårleg vær.

3/25 Gudstjenestene dette semesteret

- gudstjenesten 6. april utgår grunna mangel på personell.
- 21.04. Offer: Himalpartner
- 01.05. Kirkens bymisjon
- 11.05. Ålvik sokneråd
- 15.06. Kirkens SOS

Ida og Lisbeth orienterte frå sist fellesrådsmøte. Økonomisk stode og vidare arbeid.

4/25 Gudstjenestefrekvens i framtida

Denne saka må me vente med til me har ein prest med på møtet som kan orientere oss om stoda. Eit felles gudstenesteutval for sokna i Kvam er noko som vert vurdert.

5/25 Fasteaksjonen 8. April

- Fasteaksjon med konfirmantene igjen, da trengs nokon til å hjelpe til med gjennomføringa.
- Nye etiketter og navnelister vert sendt til kyrkja.
- Informasjon til konfirmantene om oppmøtetidspunkt vert sendt på epost. Kyrkjelydskontoret ordnar dette når soknerådet har planlagt aksjonen.
- Åshild og Ida lagar til bøssene, ordnar med rodefordeling og telling etterpå.

6/25 10. april er konfirmantfesten i Øystese bedehus rett etter samtalegudstenesta i Øystese kyrkje. Festen byrjar kl 19.

Det er akkurat sendt ut invitasjon til konfirmantar og føresette med påmelding innan 6. april. Kyrkjekontoret og soknerådsleiar tek imot meldingar.

- Det trengs ein person som kan bake ei kake og/eller hjelpe til på festen. Øystese er i full gang med planlegginga, så det er ei grei oppgåve, Lisbeth gjer dette.

7/25 Soknepreststilling for Øystese og Ålvik. Prosten har fortalt at stillinga vert lyst ut i april, då truleg med tillegg om PUU i utlysingsteksten, at prestar under utdanning kan søkje.

8/25 Årsmøte. Dato vert 21 .04. etter gudstenesta

9/25 Strikketreff

Til hausten ynskje om å flytte tilbake til tysdagar. Nye datoer frå hausen vert då 02.09., 02.10., Og 04.11.

10/25 PR

Trong for å vere tidlegare ute med plakatar?

Korleis fungerer det med plakatar? Er det Linde som heng dei opp?

Lisbeth fortset med å leggje ut på Facebook .

11/25 Vedlikehold av kyrkja i vår

-Vøle på takrennene

Dugnad

-Gjere ei vøle utanfor der det samlar seg vanndam ved sakristiinngangen og ved porten. Gruse og heve det litt opp kan vere ei løysing.

-Vaske grønske vekk frå den kvite sakristiveggen med høgtrykksspylar.

-Laus helle i trappa ned til gravlunden.

Prøve å få gjort ein del før konfirmasjonen 11.05. Arvid styrer dette.

Ein dugnadsøkt onsdag 23.04. kl 1700.

12/25 Eventuelt

Ingen saker.

Ida Lindøe

Ref